



Direktoratet for mineralforvaltning
med Bergmesteren for Svalbard

Søknad om driftskonsesjon i henhold til mineralloven § 43

Skjemaet med vedlegg sendes til:

Direktoratet for mineralforvaltning
med Bergmesteren for Svalbard
Postboks 3021 Lade
7441 Trondheim

E-post: mail@dirmin.no
Telefon Sentralbord: (+47) 73 90 40 50
Hjemmeside: <http://www.dirmin.no>

Tøm skjema

Direktoratet for mineralforvaltning
med Bergmesteren for Svalbard

Søknad nummer: 15/01738-1

Uttak: 2 2 OKT. 2015

Saksbehandler: KSB 172/15

Forfalte:

LES VEILEDNINGEN FØR DU FYLLER UT SKJEMAET

1. Opplysninger om søker

Fullstendig navn/firma Nomeland Anlegg AS			Organisasjonsnummer 988845078
Postadresse Industriveien 32	Postnummer 4748	Sted Rysstad	Land Norge
Telefonnummer 37936000	Mobiltelefon 48959909	E-postadresse hans.olav.omnes@nomeland.no	Hjemmeside www.nomeland.no

2. Opplysninger om området

Navn på uttaksområdet/uttaket Kåvenes - Nomelandskleivi	Uttaksområdets gårds- og bruksnummer gnr: 64 - bnr: 1	Kommune Valle 0940
Størrelse på omsøkt areal (daa) 5,9	Anslag totalvolum uttak (m ³) 30.000	Forventet årlig uttak (m ³) 20000

3. Opplysninger om forekomsten

3.1. Hvilken mineralkategori tilhører forekomsten?	Grunneiernes mineraler ☒	Statens mineraler ☐
3.2. Drives det på forekomsten i dag?	Ja ☐	Nei ☒
3.3. Beskrivelse av forekomsten (type mineralforekomst, kvalitetsvurdering, anvendelser av råstoffet): Hard gneis/granitt. Skal brukes til kultmasse/grusmasse til veibygging.		



4. Forholdet til plan- og bygningsloven (pbl.)

4.1. Angi hvilket arealformål området har i kommuneplanens arealdel Godkjent reguleringsplan - massetak

4.2. Finnes det en godkjent reguleringsplan for området det søkes om konsesjon? Ja ☒ Nei ☐

Hvis ja, oppgi navn på planen og vedtaksdato:

Navn på plan: Reguleringsplan

Vedtaksdato: 26.06.2007

Hvis nei:

Er det varslet oppstart av reguleringsplanarbeid for området? Ja ☐ Nei ☐

Er det gitt andre tillatelser etter pbl. for terrenginngrep i omsøkt område? Opplys om hvilke

5. Vedlegg til søknaden

Med søknaden skal alltid vedlegges:

5.1. Dokumentasjon på utvinningsrett til forekomsten

- For grunneiers mineraler: Kopi av signert leieavtale om uttak med grunneier, eller dokumentasjon på grunnbokshjemmel

- For statens mineraler: Oppgi rettighetsnummeret(ene)

5.2. Kart der omsøkt område hvor det foreligger utvinningsrett er tydelig inntegnet i målestokk 1:1000-/1:2000.

5.3. Gi en kort firmapresentasjon.

5.4. Redegjørelse for den kompetanse selskapet har for driften av det planlagte uttaket. Gi en oversikt over bergfaglig og annen teknisk kompetanse i organisasjonen.

5.5. Forslag til driftsplan, inkludert avslutningsplan. Driftsplanen skal være i samsvar med DMFs krav til driftsplaner.



5.6. Oversikt over økonomiske forhold:

5.6.1. For uttak som allerede er i drift:

- Godkjent årsregnskap for de siste to år

5.6.2. For nye uttak, eller tidligere uttak med nytt driftsselskap:

- Driftsbudsjett for det omsøkte uttaket for de 3 første driftsår

5.7. Vurdering av behovet for at det stilles økonomisk sikkerhet for gjennomføring av sikrings- og oppryddingstiltak, herunder forslag til form for og størrelse på sikkerheten.

5.8. Adresseliste over særlig berørte parter (nærmeste naboer, eller brukere av området).

5.9. Dokumentasjon på at behandlingsgebyret er betalt.

Kontonummer for innbetaling: 7694.05.05883

Gebyret er kr. 10.000. Dersom søknaden gjelder uttak som krever konsekvensutredning etter forskrift om konsekvensutredninger (26.juni 2009 nr. 855), er gebyret kr. 20.000.

Merk innbetalingen med Driftskonsesjon, navn på uttaket/uttaksområdet og navn på søker

6. Eventuelle tilleggsopplysninger

*Finansier: B.N. BERG: bnberg@online.no
379 36 252*

Direktoratet for mineralforvaltning kan kreve flere opplysninger dersom man finner det nødvendig for behandling av søknaden.

7. Underskrift

Sted og dato

Rysstad 20.10.2015

Underskrift

*Hans-Kristian
nomeland
anlegg as*

INFORMASJON

Nomeland Anlegg AS ble 31.12.05 etablert som driftsselskapet til Nomelands Anleggsmaskiner AS, org.nr. 914 664 837. Virksomheten startet opp i det små på slutten av 50-tallet, og bygde seg opp under kraftutbyggingene i Setesdal frå 1960 til 1980. Virksomheten sysselsetter i dag ca. 40 personer, herav 5 kvinner som samlet utgjør ca. 2,5 årsverk. Arbeidsområdene for virksomheten er i hovedsak alle former for grunnarbeid, veibygging, veivedlikehold, boligfelt, hyttefelt, industritomter, transport, spesialtransport, produksjon og levering av steinmaterialer, produksjon og levering av ferdigbetong, småkraftverk, vann- og avløpsanlegg osv. I den senere tid har virksomheten utført store arbeider med feltutbygging for høystandard hytter. Virksomheten har også gjennom selskapet Brokke vatn-og avlaupsverk AS, bidratt tungt i prosjektering og tekniske løsninger på infrastruktur, herunder vannbehandling, renseanlegg, pumpestasjoner, rørsystemer, styring- og signalsystemer og praktiske løsninger under utførelse. NA drifter også de tekniske anleggene gjennom selskapet Brokke Vatn- og Avlaupsverk AS.

Virksomheten har i alle år produsert sand- og steinmaterialer for alle typer bygg og anleggsformål, samt veivedlikehold. Produksjon og leveranser er både til eget bruk, for egne arbeider, og levering til en rekke eksterne kunder og samarbeidspartnere.

Våre kunder og samarbeidsparter er «alle», både offentlige og private, for eksempel Statens vegvesen, kraftselskaper, fylkeskommuner, Forsvaret, kommuner, riksentreprenører, andre entreprenører, utbyggingselskaper, primærnæring, og private.

Med vennlig hilsen

NOMELAND ANLEGG AS



Hans Olav Omnes

Daglig leder


Driftsplan Steinbrudd Kåvenes.

1. Uttakets Navn: Kåvenese – gnr. 64, bnr. 1. Lokalisert i Valle Kommune. Tegning sendt som eget vedlegg.
2. Driftsselskap: Nomeland Anlegg AS. Org. Nr. 988845078. Selskapet er driftsselskapet til Nomelands Anleggsmaskiner, etablert 1960. Har svært mye erfaring med anleggsarbeid i Valle Kommune og i Setesdalsregionen. 55 ansatte, 80-90 mnok omsetning.
3. Grunneier: Bjørgulv N. Berg, Gnr.: 64, Bnr.: 1
4. Uttaksareal ca. 5,9da. Uttak ca. 25000m³ fast fjell. Alt skal taes ut i 2016
5. Brytningsmetode: Pallesprenging. Sprengt stein skal knuses til fraksjoner som skal benyttes primært til et veiprosjekt, Rv. 9, Sandnes – Harstadberg. Under drift skal området sikres med bom på avkjøringsvei, samt gjerde mot omkringliggende terreng.
6. Istandsetting. Skjæringer skal arronderes. Området skal avrettes for bruk som velteplass/produksjonsområde for ved.


Rysstad 07.01.2016



Hans Olav Omnes



ANLEGGSDATA <i>SØR</i>				
Date 21.01.2016	Konstr./Tegnet KT	Godkjent	Målestokk 1:500	A3
Plantegning Massetak			Erstatning for:	Erstattet av:
			101	
Henvisning:		Beregning:		Massetak - Kåvenes



LAGTYPER


Teo.Gmi 0: Overflate
Fys.Gmi 1: Terrengform40
Fys.Gmi 101: RV9

MASSETYPER

Masserapport for: 20160121-Massetak.sfi
Standard: NS3420



Dato	21.01.2016	Konstr./Tegnet	KT	Godkjent	Målestokk	1:500	A3
Tverrprofiler Massetak							Erstatning for:
							Erstattet av:
							021
Henviisning:				Beregning:		Massetak - Kåvenes	



LAGTYPER

Teo.Gmi 0: Overflate
Fys.Gmi 1: Terrengform40
Fys.Gmi 101: RV9

MASSETYPER

Masserapport for: 20160121-Massetak.sfi
Standard: NS3420


Antatt fjell
Profil Rå mengde
30.000 23.985 m2
40.000 100.909 m2
50.000 176.537 m2

Antatt jord
Profil Rå mengde
30.000 8.323 m2
40.000 12.058 m2
50.000 14.078 m2

Dyppsprengning 1meter
Profil Rå mengde
30.000 25.654 m2
40.000 46.141 m2
50.000 67.923 m2

ANLEGGSDATA SDR

Dato	21.01.2016	Konstr./Tegnet	KT	Godkjent	Målestokk	1:500	A3
Tverrprofiler Massetak							Erstatning for:
							Erstattet av:
							021
Henviisning:			Beregning:			Massetak - Kåvenes	



LAGTYPER

Teo.Gmi 0: Overflate
Fys.Gmi 1: Terrengform40
Fys.Gmi 101: RV9

MASSETYPER

Masserapport for: 20160121-Massetak.sfi
Standard: NS3420


Antatt fjell
Profil Rå mengde
60.000 367.019 m2
70.000 641.907 m2
80.000 720.685 m2

Antatt jord
Profil Rå mengde
60.000 18.786 m2
70.000 20.568 m2
80.000 19.727 m2

Dybsprengning 1meter
Profil Rå mengde
60.000 85.719 m2
70.000 99.933 m2
80.000 91.166 m2

ANLEGGSDATA SØR

Dato	21.01.2016	Konstr./Tegnet	KT	Godkjent	Målestokk	1:500	A3
Tverrprofiler Massetak							Erstatning for:
							Erstattet av:
							021
Henvisning:				Beregning:		Massetak - Kåvenes	



LAGTYPER

Teo.Gmi0: Overflate

Fys.Gmi1: Terrengform40

Fys.Gmi101: RV9

MASSETYPER

Masserapport for: 20160121-Massetak.sfi
Standard: NS3420

Antatt fjell

Profil Rå mengde

90.000 407.270 m2

100.000 183.029 m2

Antatt jord

Profil Rå mengde

90.000 15.478 m2

100.000 10.177 m2

Dyppsprengning 1meter

Profil Rå mengde

90.000 76.089 m2

100.000 48.978 m2

Dato	21.01.2016	Konstr./Tegnet	KT	Godkjent	Målestokk	1:500	A3	
Tverrprofiler Massetak							Erstatning for:	Erstattet av:
							021	
Henvisning:				Beregning:			Massetak - Kåvenes	



LAGTYPER

Teo.Gmi 0: Overflate
Fys.Gmi 1: Terrengform40
Fys.Gmi 101: RV9

MASSETYPER

Masserapport for: 20160121-Massetak.sfi
Standard: NS3420

Antatt fjell
Profil Rå mengde
110.000 20.394 m2

Antatt jord
Profil Rå mengde
110.000 5.091 m2

Dybsprengning 1meter
Profil Rå mengde
110.000 22.451 m2



Dato	21.01.2016	Konstr./Tegnet	KT	Godkjent	Målestokk	1:500	A3
Tverrprofiler Massetak							Erstatning for:
							Erstattet av:
							021
Henviisning:				Beregning:		Massetak - Kävenes	



LAGTYPER

Teo.Gmi

0: Overflate

Fys.Gmi

1: Terrengform40

Fys.Gmi

101: RV9

MASSETYPER

Masserapport for: 20160121-Massetak.sfi
Standard: NS3420




Dato	Konstr./Tegnet	Godkjent	Målestokk	A3	
21.01.2016	KT		1:500		
Tverrprofiler Massetak				Erstatning for:	Erstattet av:
				021	
Henviisning:		Beregning:		Massetak - Kåvenes	

LAGTYPER

Teo.Gmi 0: Overflate
Fys.Gmi 1: Terrengform40
Fys.Gmi 101: RV9


MASSETYPER

Masserapport for: 20160121-Massetak.sfi
Standard: NS3420




Dato	21.01.2016	Konstr./Tegnet	KT	Godkjent	Målestokk	1:500	A3	
Tverrprofiler Massetak						Erstatning for:		Erstattet av:
								021
Henvisning:				Beregning:		Massetak - Kåvenes		












23.02.2016
Målestokk 1:5000
Valle kommune



23.02.2016
Målestokk 1:2000
Valle kommune



TEIKNFORKLÅRING

PLAN OG BYGNINGSLOVA § 25, REGULERINGSFØREMÅL

2. LANDBRUKSOMRÅDER

JORD- OG SKOGBRUK

3. OFFENTLEG TRAFIKKOMRÅDE

KØYREVEG OG ANNAN VEGGRUNN

5. FAREOMRÅDE

HØGSPENTLINE, TRAFO

6. SPESIALOMRÅDER

MASSEUTTAK

FRISIKTSONE

JURIDISK BINDANDE LINJESYMBOL

PLANGRENSE
FORMÅLSGRENSE
FRISIKTLINE

STREK- OG LINJESYMBOL

TRAKTORVEG

MÅLESTOKK 1:1000
EKVIDISTANSE: 1 METER
DIGITALT KARTGRUNNLAG: KOMMUNALE KART 1:1000
KARTBLAD:



REGULERINGSPLAN FOR:
MASSEUTTAK, VALLE KOMMUNE
Bjergulv N. Berg (64/1) og Inger N. Homme (64/14)

SAKSHANDSAMING ETTER PLAN OG BYGNINGSLOVA		DATO	SIGN.
KUNNGJERING OM OPPSTART AV PLANARBEID		05.03.2003	
1. GANGS HANDSAMING I KOMMUNEN		08.04.2003	T.H.
OFFENTLEG ETTERSYN I TIDSROMMET:			
2. GANGS HANDSAMING I KOMMUNEN		11.06.2003	T.H.
VEDTAK I KOMMUNESTYRET		K-sak 45/03 25.06.2003	T.H.
SIGNATUR		STEMPEL	
REVISJONAR			
Revidert i henhold til K-sak 45/03, i møte 25.06.2003		01.12.03	E.M.L.S.
PLANEN ER UTARBEIDA AV:		DATO	TEGNET
		06.03.03	SAKSBEI

Saksmappenr: 03/00186-14
Arkiv: 64/1+14
Sakshandsamar: Torleif Homme

Saksframlegg

Valle kommune

<i>Saksnummer</i>	<i>Utval</i>	<i>Møtedato</i>
064/03	Ressursutvalet	11.06.03
0045/03	Kommunestyret	25.06.03

Reguleringsplan for massetak Kåvenes - Nomelandskleivi

Vedtak i Kommunestyret - 25.06.2003:

Kommunestyret godkjenner framlegg til reguleringsplan for masseuttak ved Kåvenes/Nomelandskleivi med fylgjande endring:

1. Massetak A i framlegg til plan vert godkjent som omsøkt då tiltaket vil virke positivt på trafikksikkerleiken i området.
2. Massetak B i framlegget til plan vert delvis godkjent. Omfanget av uttaket må avgrensast til det Skogbrukssjefen finn nødvendig for å opparbeide ein teneleg tømmeropplagsplass med snuplass og tilkomstveg.
3. Massetak C vert ikkje godkjent. Avslaget er grunngjeve i kommuneplanens bestemmingar.

Tiltaka er knytt opp mot RV 9 utbygginga i området og må vere avslutta innan 01.06.05. Ein føreset eit nært samarbeid med Statens Vegvesen vedkomande den estetiske utforminga. Det må sendast inn revidert plan (tekst del og plankart) i samsvar med dette vedtaket.

Handsaming i Kommunestyret - 25.06.2003:

Björgulv N. Berg sa seg ugild. Dette var samrøystes vedteke.

Framlegg frå Tarald Flateland:

Rådmannen si innstilling:

Kommunestyret godkjenner framlegg til reguleringsplan for masseuttak ved Kåvenes/Nomelandskleivi med fylgjande endringar:

1. Massetak A i framlegg til plan vert godkjent som omsøkt. Uttak av masse må avsluttast seinast 31.12.04 og området må vere avplanert og avslutta i samsvar med avslutningsplanen seinast 01.06.05.
2. Massetak B og C vert ikkje godkjent utifrå estetiske omsyn, jfr. det arbeid som er gjort med å utarbeide ein "estetikk-veileder" i samband med utbygging av RV 9.
3. Det må sendast inn ein revidert plan (tekst del og plankart) som er i samsvar med pkt. 1 og 2 ovanfor.

Alternativ røysting:

Innstillinga frå ressursutvalet fekk 14 røyster og vart vedteke.

Framlegget fekk 3 røyster.

Vedtak i Ressursutvalet - 11.06.2003:

Kommunestyret godkjenner framlegg til reguleringsplan for masseuttak ved Kåvenes/Nomelandskleivi med fylgjande endring:

1. Massetak A i framlegg til plan vert godkjent som omsøkt då tiltaket vil virke positivt på trafikktryggleiken i området.
2. Massetak B i framlegget til plan vert delvis godkjent. Omfanget av uttaket må avgrensast til det Skogbrukssjefen finn nødvendig for å opparbeide ein teneleg tømmeropplagsplass med snuplass og tilkomstvegar.
3. Massetak C vert ikkje godkjent. Avslaget er grunngjeve i kommuneplanens bestemmingar.

Tiltaka er knytt opp mot RV 9 utbygginga i området og må vere avslutta innan 01.06.05. Ein føreset eit nært samarbeid med Statens Vegvesen vedkomande den estetiske utforminga. Det må sendast inn revidert plan (tekst del og plankart) i samsvar med dette vedtaket.

Handsaming i Ressursutvalet - 11.06.2003:

Bjergulv N. Berg sa seg ugild – samrøystes vedteke

Framlegg frå Pål Inge Bø:

Kommunestyret godkjenner framlegg til reguleringsplan for masseuttak ved Kåvenes/Nomelandskleivi med fylgjande endring:

4. Massetak A i framlegg til plan vert godkjent som omsøkt då tiltaket vil virke positivt på trafikktryggleiken i området.
5. Massetak B i framlegget til plan vert delvis godkjent. Omfanget av uttaket må avgrensast til det Skogbrukssjefen finn nødvendig for å opparbeide ein teneleg tømmeropplagsplass med snuplass og tilkomstvegar.
6. Massetak C vert ikkje godkjent. Avslaget er grunngjeve i kommuneplanens bestemmingar.

Tiltaka er knytt opp mot RV 9 utbygginga i området og må vere avslutta innan 01.06.05. Ein føreset eit nært samarbeid med Statens Vegvesen vedkomande den estetiske utforminga. Det må sendast inn revidert plan (tekst del og plankart) i samsvar med dette vedtaket.

Alternativ røysting:

Framlegg frå Pål Inge Bø fekk 5 røyster

Rådmannen sitt framlegg fekk 1 røyst

Rådmannen si innstilling:

Kommunestyret godkjenner framlegg til reguleringsplan for masseuttak ved Kåvenes/Nomelandskleivi med fylgjande endringar:

1. Massetak A i framlegg til plan vert godkjent som omsøkt. Uttak av masse må avsluttast seinast 31.12.04 og området må vere avplanert og avslutta i samsvar med avslutningsplanen seinast 01.06.05.
2. Massetak B og C vert ikkje godkjent utifrå estetiske omsyn, jfr. det arbeid som er gjort med å utarbeide ein "estetikk-veileder" i samband med utbygging av RV 9.
3. Det må sendast inn ein revidert plan (tekst del og plankart) som er i samsvar med pkt. 1 og 2 ovanfor.

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn for saka

Björgulv N. Berg har med oversendingsbrev datert 03.04.03 oversendt framlegg til reguleringsplan for steinbrot/massetak ved Kåvenes/Nomelandskleivi.

Varsel om oppstart av planarbeid er gjort i samsvar med plan- og bygningslova.

Planen går i korte trekk ut på uttak av masse i 3 områder og planen er delvis relatert til uttak av masse i samband med utbygging av RV 9, behov på bygging av tømmeropplagsplass til eige behov, samt uttak av masse til framtidige prosjekt. Del av den eine parsellen er oppgjeven til å skulle drivast over ein periode på 10 – 15 år.

Ressursutvalet vedtok på møte den 08.04.03, sak 44/03, å legge framlegg til plan ut til offentleg ettersyn.

2. Tilhøvet til gjeldande planar og lovverk

Plikt til å utarbeide reguleringsplan, kven som kan utarbeide slik plan, hvilke reguleringsføre mål ein plan skal/kan ha, er regulert i plan og bygningslova kapitel VII.

Pbl § 30 opnar for at private kan utarbeide reguleringsplan.

Når det gjeld massetak er det i gjeldande kommuneplan inntatt fylgjande:

Massedeponi etter kraftutbygging er avsett til område for råstoffutvinning. Massetippene skal nyttast til råstoffutvinning før ein tillet råstoffutvinning andre stadar i kommunen så langt dette er mogleg. Dersom det kjem mye massedeponi som fylgje av ny kraftutbygging skal desse nyttast til råstoffutvinning framfor å opne for råstoffutvinning i kommunen så langt det er mogleg.

For nye massetak/deponi eller liknande bør det krevjast reguleringsplan/uttaksplan med førese gner for mellombels bruk og etterbruk av areala. Slike planar skal avklåre storleiken på uttaket, tilhøve til naboar og andre brukarinteressar, avbøtande tiltak i driftsperioden og istandsetjing av terreng.

I forslag til revidert kommuneplan – Utfyllande førese gner til arealdelen – er dette kome klarare fram ved bruk av setninga: ”For nye Massetak/deponi .. skal det lagast ein plan med førese gner som syner korleis drifta av massetaket og avslutninga skal gjennomførast, jfr Plan og Bygningslova § 23. Slike planar skal avklåre storleiken på uttaket, tilhøve til naboar og andre brukarinteressar, avbøtande tiltak i driftsperioden og istandsetjing av terreng etter driftsperioden.

I ressursutvalet sitt møte den 11. februar i år, var ”massetak i samband med utbygging av RV 9” oppe som ei av drøftingsakene, med fylgjande vedtak:
Ressursutvalet drøfta korleis evt. søknader om uttak av masse i samband med utbygging av RV 9 skal handsamast. Det vart vedteke at all søknad om uttak av masse må gjerast gjennom reguleringsplan.

Det området det no er laga utkast til reguleringsplan for, ligg i LNF-sone 1.

Når det gjeld krav til konsekvensutgreiing kjem dette først inn i bildet når tiltaket berører minst 50 dekar samla overflate eller samla uttak utgjør meir enn 500.000 m³.

3. Vurderingar

Det har kome inn fylgjande merknader/uttaler:

Valle Landbruksnemnd/Fylkeslandbruksstyret:

Ingen merknader og kan tilrå at planen vert godkjent utifrå landbruksinteresser.

Otra Kraft:

Påpeikar at massetak i området vil vere estetisk skjemmaende og at det kan føre til støv og støyplager for Otra Kraft sine kontor og Brokke driftssentral. Påpeikar også at evt. problem med avrenning til vassdrag frå sprenging ikkje er nemnt i planen.

NVE

Ingen merknader til planen

Aust Agder Fylkeskommune v/regionalvirksomheten

Ingen spesielle merknader, men påpeikar spesielt forholdet til RV 9 og det arbeidet som er gjort med utarbeiding av ein "estetikk-veileder" i samband med utbygging av RV 9 og at det bør takast spesielle omsyn til sideareala til vegen.

Fylkesmannen i aust Agder v/miljøvernavdelinga

Miljøvernavdelinga har ein del generelle merknader til planen og påpeikar m.a. at det bør gjerast avbøtande tiltak i høve til RV 9 og at det bør vurderast fare for avrenning frå sprenginga.

Utifrå dei merknader/uttaler som er kome inn, er det fleire som er skeptisk til masseuttak i området, ikkje minst at massetaket vil bli liggande svært nær RV 9 og det "estetikk-problemet" dette medfører, men det er ikkje kome uttaler som vil vere til hinder for gjennomføring av planen.

Vurdering:

I samband med utbygging av RV 9 og "bompengepakka" er det lagt stor vekt på miljø rundt RV 9 som ferdselsåre gjennom Setesdal og det er også utarbeidd ein eigen "estetikk-veileder" i samband med utbygging av RV 9. I fleire av uttalane er dette også nemnt. Det vil difor vere lite samsvar med dette arbeidet som er lagt ned i dette og ei evt. godkjenning av eit massetak som nærmaste nabo til vegen. Ein kan difor ikkje tilrå at område B og C vert godkjent. Når det gjeld område A vil ein vurdere dette noko annleis. Dette er ein fjellklatte som det allereie er skoten ein del av i samband med RV 9 og dersom denne vert fjerna, vil område framstå som meir opent og vil bli tilført eit jordlag som skal såast inn og kan brukast til skogs/beitemark. Ein vil under føresetnad av at massane skal brukast til utbygging av RV 9 ved Flårenden kunne tilrå at område A vert godkjent. Som vilkår må det settast at uttak av masse må avsluttast seinast 31.12.04 og at området må vere avplanert og avslutta i samsvar med avslutningsplanen seinast 01.06.05.

Dersom ein godkjenner ei slik løysing vil omfanget av masseuttaket bli redusert, det vert ein relativt kort uttaksperiode og i ein periode då området vil bli eit meir eller mindre anleggsområdet i samband med utbygging ved Flårenden.

Dei ulemper som er nemnt i fleire av uttalane vil bli redusert og ikkje større enn at dei må vere akseptable.

Vidar Homme
rådmann

Vedlegg:

1. Framlegg til reguleringsplan
2. Uttale frå Valle landbruksnemnd/Fylkeslandbruksstyret
3. Uttale frå Otra Kraft
4. Uttale frå NVE
5. Uttale frå Aust Agder Fylkeskommune v/Regionalvirksomheten
6. Uttale frå Fylkesmannen i Aust Agder

Saksmappenr: 2007/33-7
Arkiv: L12
Sakshandsamar: Liv Elin Frøysnes Berg

Saksframlegg

Valle kommune

<i>Saksnummer</i>	<i>Utval</i>	<i>Møtedato</i>
113/07	Planutvalet	26.06.2007

Framlegg til mindre vesentleg reguleringsendring for reguleringsplan for steinbrot/massetak Kåvenes - Nomelandskleivi, gnr. 64, bnr. 1 og bnr. 14.

Rådmannen si innstilling:

Planutvalget godkjenner jfr. PBL § 28-1, pkt 2, framlegg til mindre vesentleg reguleringsendring for steinbrot/massetak Kåvenese – Nomelandsklivi, gnr. 64, bnr. 1 og bnr. 14 med fylgjande endring:

- reguleringsføresegnene § 4, spesialområde, massetak, siste setning,
”Tiltaka er knytt opp mot RV utbygginga i området og må vere avslutta innan 01.06.05” vert teke ut.

Ny siste setning vert sett inn
Uttak av masse i området A og/eller B må vere avslutta seinast 3 år etter oppstart av masseuttak.

Saksprotokoll i Planutvalet - 26.06.2007

Handsaming:

Björgulv N. Berg sa seg ugild.

Planutvalet vedtok samrøystes at Björgulv N. Berg var ugild, og han deltok såleis ikkje i den vidare handsaminga av saka.

Avrøysting:

Innstillinga vart vedteken mot 1 røyst.

Vedtak:

Planutvalget godkjenner jfr. PBL § 28-1, pkt 2, framlegg til mindre vesentleg reguleringsendring for steinbrot/massetak Kåvenese – Nomelandsklivi,

gnr. 64, bnr. 1 og bnr. 14 med fylgjande endring:

- reguleringsføresegnene § 4, spesialområde, massetak, siste setning,
”Tiltaka er knytt opp mot RV utbygginga i området og må vere avslutta innan 01.06.05” vert teke ut.

Ny siste setning vert sett inn
Uttak av masse i området A og/eller B må vere avslutta seinast 3 år etter oppstart av masseuttak.

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn for saka

Kommunestyret i Valle godkjende i møte 25.06.2003, sak 45/03 framlegg til reguleringsplan for steinbrot/massetak Kåvenes – Nomelandskleivi på gnr. 64, bnr. 1 og bnr. 14. Kommunestyret si handsaming og vedtak, samt vedtekne reguleringsføresegner fylgjer som vedlegg. Det er ikkje framlegg om endringar i plankartet.

Den 04.01.2007, kjem det søknad frå eigar av gnr. 64, bnr. 1, Bjørgulv N. Berg, og eigar av gnr. 64, bnr. 14, Inger Berg Homme om mindre vesentleg reguleringsendring. Søknaden fylgjer vedlagt.

Slik vi oppfattar framlegg til mindre vesentleg reguleringsendring, ynskjer grunneigarane at reguleringsføresegnene skal endrast på fylgjande punkt:

- reguleringsføresegnene § 4, spesialområde, massetak, siste setning, ”Tiltaka er knytt opp mot RV utbygginga i området og må vere avslutta innan 01.06.05”, vert teken ut.

Alternativt at ordlyden i reguleringsføresegnene § 4, spesialområde massetak, siste setning, vert endra til ”Tiltaket må vere avslutta innan 01.01.2010”.

Jamfør PBL § 28-1, pkt. 4 skal berørte eigarar/festerar gjevast høve til å uttale seg. Naboar jfr. brev frå Valle kommune av 24.04.2007 fått rist til 25.05.2007 til å uttale seg, det har ikkje kome inn merknader frå nokon av naboane.

Vidare skal ein jfr. PBL § 27-1 innhente uttale frå offentlege myndigheiter og organisasjonar. I denne saka har vi bedt om uttale frå jordbrukssjefen i Valle, Otra Kraft DA, Setesdal villreinneid, Fylkesmannens miljøvernavdeling, Aust-Agder Fylkeskommune, Agder Energi Nett AS, NVE og Statens vegvesen. Jfr. brev frå Valle kommune av 24.04.2007, har vi bedt om uttale innan 25.05.2007

Frå offentlege høyringsinstansar har det kome uttale frå Aust-Agder Fylkeskommune, Statens Vegvesen og jordbrukssjefen i Valle. Uttalane fylgjer vedlagt.

Statens Vegvesen har ingen merknader til mindre vesentleg reguleringsendring, jfr. brev av 21.05.2007.

Aust-Agder Fylkeskommune har jfr. brev av 16.05.2007, heller ingen merknader til at anleggsfristen vert forlenga til 01.01.2010.

Jordbrukssjefen har i medhald av delegasjonsfullmakt gjort fylgjande vedtak:
Utifrå landbruksomsyn vil ein rå til at reguleringsendringa av reguleringsplanen vert godkjent som omsøkt.

2. Kva for verknader har denne saka for utviklinga av Valle kommune?

Lett tilgjengelige område som er godkjendt for uttak av masse vil ha ein positiv verknad for næringslivet og dermed utviklinga i kommunen.

Dersom området blir liggande for lenge som eit anleggsområde, vil det vere svært skjemmande for forbipasserande, det kan få ein negativ effekt for næringslivet og utviklinga i kommunen.

3. Tilhøvet til gjeldande planar og lovverk

Plan- og bygningsloven § 28-1, jfr. §§ 27-1 og 27-2.
Kommuneplanen for Valle kommune, perioden 2006 – 2018.
Reguleringsplan for steinbrot/massetak Kåvenese – Nomelandskleivi, gnr. 64, bnr. 1 og bnr. 14, vedteken av kommunestyret 25.03.2003, i sak 45/03.

Reguleringsendring medfører i utgangspunktet ny gjennomgang av saka med utlegging til offentleg ettersyn og endeleg vedtak i kommunestyret, men jfr. PBL §28.1, kan planutvalget vedta mindre vesentleg reguleringsendring etter at uttalelsar frå berørte partar og aktuelle offentlege instansar er innhenta.

Det kan av og til vere vanskelig å avgjere kva som er mindre vesentleg reguleringsendring, og kva som er reguleringsendring. Jfr. ”PBL for praktikere” vil endring av reguleringsformål oftast kreve reguleringsendring, medan mindre justering av formålsgrense og føresegnar blir reikna som mindre vesentleg reguleringsendring.

Eit anna moment som ein må take omsyn til er om berørte partar eller offentlege høyringsinstansar har merknader til reguleringsendringa. Dersom ein ikkje får merknader frå berørte partar eller insigelsar frå aktuelle offentlege instansar, kan saka handsamast som ei mindre vesentleg reguleringsendring.

I denne saka er det endring av reguleringsføresegnene, enten at det ikkje er tidsfrist for gjennomføring, eller ei forlenging av fristen med 3 år. Ein meiner difor at saka kan handsamast som ei mindre vesentleg reguleringsendring.

Men dersom planutvalget er i tvil om endringa er vesentleg eller mindre vesentleg reguleringsendring, skal saka handsamast som reguleringsendring.

4. Vurderingar

Omsøkte reguleringsendring gjeld endring av reguleringsføresegnene, slik at tiltaket ikkje må vere knytt opp mot Rv 9 utbygginga og ikkje har frist for uttak av masse, alternativt forlenging av frist for uttak av massen med 3 år.

Bakgrunnen for at kommunestyret godkjende planen for steinbrot og massetak på Kåvenes – Nomelandskleivi på vilkår av at uttaket skulle nyttast i samband med utbygginga av Rv 9 var mellom anna at grunneigarane sjølve søkte om det. Bakgrunnen for å utarbeide reguleringsplan for steinbrot og massetak på Kåvenes – Nomelandskleivi var at det i samband med bygging av ny riksveg på Flåstrondi var eit masseunderskot på om lag 90 000 m³. Vegen på Flåstrondi er no bygt og det er bruka massar frå andre stader.

På grunn av området sin nærhet til riksveg 9 er det svært viktig at uttak av masse i området føregår over ein så kort periode som mulig, det vil seie at når ein fyrst startar uttak av masse, bør det gå maksimalt 2-3 år før tiltaket blir avslutta. Det er nok også noko av bakgrunnen for at uttaket vart knytt opp til utbygginga av Rv 9. I samband med utbygginga av Rv 9 på Flåstrondi trongst det mykje masse over ein kort periode.

Det er ikkje oppgjeve kvifor ein ønsker å take ut massane til noko anna enn utbygginga av Rv 9, men det er no likevel alltid behov for lett tilgjengelige massar.

Ved å gi ein frist på 3 år frå ein startar uttak av massane til uttaket skal vere avslutta, vil ein ikkje binde uttaket opp til Rv 9 utbygginga, og heller ikkje seie noko om når ein må starte uttak, eller gi ein absolutt frist for avslutta uttak.

Men ein vil behalde det viktige prinsippet om at på grunn av nærhet til Rv 9, bør uttaket av masse foregå over ein så kort periode som mulig.

Avslutning av dei område A og B er beskriva i reguleringsføresegnene.

Ein reguleringsplan er bindande for den framtidige arealbruken av området, og ein reguleringsplan som har ”gått ut på dato” må anten opphevast endrast eller forlengast. Dersom Valle kommune ikkje finn det planfagleg forsvarleg at området er regulert til steinbrot/massetak kan kommunen oppheva, endre eller omregulere.

For å i møte kome søkjarane og framleis halde på viktige prinsipp i planen, vil ein difor foreslå at reguleringsføresegnene for reguleringsplan for steinbrot/massetak på gnr. 64, bnr. 1 og bnr. 14 vert endra slik at uttak av masse kan foregå over ein periode på 3 år frå ei startar uttak av masse til at tiltaket må vere avslutta og området tilbakeført jfr. reguleringsbestemmelsane.

Valle, den 12.06.2007

Arne Tronsen
Rådmann

Vedlegg:

1. Kommunestyre sak 45/03, reguleringsplan for massetak Kåvenes Nomelandskleivi.
2. Gjeldande reguleringsføresegner for reguleringsplan for Steinbrot/massetak Kåvenes – Nomelandskleivi.
3. Søknad om mindre vesentleg reguleringsendring frå Bjørgulv N. Berg 04.01.2007
4. Uttale frå Statens vegvesen av 21.05.2007.
5. Uttale frå Aust-Agder Fylkeskommune av 16.05.2007.
6. Uttale frå jordbrukssjefen i Valle 12.06.2007.

6. Reguleringsføresegn.

Generelt

Reguleringsføresegnene knyter seg til «Reguleringsplan for Kåvenes/Nomelandskleivi», Valle kommune, datert 5. mars 2003. Planområdet er avgrensa som vist med reguleringsgrense på plankartet.

Vedtatt reguleringsplan er bindande for arealbruk, frådeling, byggje- og anleggsverksemd innan planområdet.

§ 1

Det regulerte området er avgrensa som vist med reguleringsgrense på plankartet. Innafor grensa skal areala nyttast som vist på planen. Areala omfattar følgjande reguleringsføresmål:

- Landbruksområde (jord- og skogbruk)
- Fareområde (høgspenningsanlegg)
- Spesialområde (frisiktsoner, steinbrot/massetak)

§ 2

Verknadane av reguleringsplan følgjer av § 31 i Pbl. Reglane for erstatning ved reguleringsplan går fram av § 32.

Generelle føresegner

§ 3

Landbruksområde (jfr. Pbl. § 25 pkt. 2)

Områda er avgrensa på plankartet og skal brukast til landbruksføresmål. I landbruksområda kan det drivast landbruksdrift.

§ 4

Spesialområde (jfr. Pbl. § 25 pkt. 6)

Massetak:

Områda A og B, er avgrensa på plankartet og skal brukst til uttak av stein for vidare transport til anleggsplass og til produksjon av gradert steinmateriale. Omfanget er om lag 30 - 40000 m³.

Tiltaka er knytt opp mot RV 9 utbygginga i området og må vere avslutta innan 01.06.05.

Det skal vere mogeleg å drive kontinuerleg heilårsdrift. Berre kvardagar mellom kl. 06.00 og 22.00 kan nyttast til produksjon.

Frisiktsoner

I frisktsoner som er anvist på plankart kan det ikkje lagast fylling eller andre innretingar som overstig 0,5m. Arealet skal haldast ryddig for snø og vegetasjon slik at friskt ikkje vert hindra.

§5

Uttaksplan og avsluttningsplan.

Ein skal fylgje uttaks- og avsluttningsplanen som er beskriva i kapitel 3.

§6

Driftsplan

Ein skal fylgje driftsplanen som er beskriva i kapitel 4.

§7

Dispensasjon

Når særlege grunnar ligg føre kan det faste utvalet for plan- og byggjesaker dispensere fra reguleringsføresegnene innafor ramma av det Plan- og bygningslova fastset.

Nomeland den 30. november 2003.

Bjørgulv N. Berg

Varsel om oppstart av planarbeid:

Den 5.mars 2003

1. gongs handsaming i planutvalet:

Den 8. april 2003

Utlagt til offentlig ettersyn i perioden:

2. gongs handsaming i planutvalet:

Den 11. juni 2003

Godkjent i Valle kommunestyre:

Den 25.6.2003

Valle den

Valle 24.06.2004

Heiner Kyrreli
.....
Ordfører


stempel



Vedlegg

Reguleringskart
Situasjonsplan
Skisse vegklasse 2.
Orientering til grunneigarar/naboer
Kunngjering i 2 aviser
Innkomne merknader.

Björgulv N. Berg g.nr. 64 b.nr.1
Inger N. Homme g.nr 64 b. nr 14



***Reguleringsplan
for Steinbrot/massetak
Kåvenes - Nomelandskleivi
i Valle kommune***

***Justert etter
kommunestyrets vedtak i
sak 45/03 den 25.6.2003-
raud tekst.***

Innhald

1. Innleiing
2. Overordna planar
3. Uttaksområdet, uttaks- og avsluttningsplan
4. Driftsplan
5. Konsekvensar og avbøtande tiltak
6. Reguleringsføresegn
7. Kommunestyrevedtak 23.6.2003

1. Innleiing

Vi er kjend med at det er eit stort masseunderskot ved bygging av ny riksveg ved Flårenda. Hausten 2002 var vi i kontakt med Statens Vegvesen om levering av stein. Vi tok dette oppatt med Statens vegvesen i februar 2003. Vi fekk opplyst om at dei hadde overlete til utførande entreprenør å "skaffe" manglande masse, i 90 000 m³. Jfr. utlysingstekst for anbodsinnbyding.

Ved Kåvenes har vi eit prosjekt som etter vår meining høver godt til masseuttak i denne storleik. Tiltaket vil auke trafikktryggleiken på riksvegen, samstundes som den vil kunne gje betre forhold for gardsdrifta på g.nr. 64 b.nr.1 og bnr. 14

Planen er utarbeid m.a. med faglege råd av sivilingeniør oppmåling, Jon Bråten, tilsett i Bloms Oppmåling AS og sivilingeniør geoteknikk Tore Bråten, tilsett i Veidekke ASA.

Ved parsell B har vi ein traktorveg som kjem frå Jeisemorka. Før vart tømmeret køyrt over vegen her og "støyt" uti Uppstadia. Etter kraftutbygginga fekk vi velteplass i Slettekleiv saman med Olav K. Nomeland og Ingrid Torine Hansen. Her er det ikkje bygt veg fram til. Skal ein bruke denne velteplassen må det lagast veg 300 meter som må sprengast ut i fjell.. Vårt alternativ er difor samband med bygging av ny veg ved Flårenda, å få levere masse til vegen og samtidig bygge ny velteplass med innkjøring og snuplass for lastebil.

Etter samtale og befaring 26.2.2003 med skogmeisteren i Valle og fylkesskogmeister for skogsvegar, råde dei oss til å melde tiltaket etter plan- og bygningslova, då uttak av masse var i denne storleik. Dersom ein ikkje kunne få til ein kombinasjon her, ville tiltaket ikkje vere økonomisk forsvarleg innafor skogbruket. Jfr. brev 10.3.2003 frå Valle kommune. Næringsavdelinga

Økonomi.

Utsprengt stein ca 1,2 km frå anleggsplassen vil kunne gje rimeleg fyllmasse og med kort transportavstand god utnytting av maskiner/utstyr på anlegget.

Endring av plan etter kommunestyrevedtak:

Alt som gjeld parsell C er teke ut av planen.

Planen er justert og endra i samsvar med kommunestyrevedtak.

2. Overordna planar .

Kommuneplanen for Valle legg føringar for kvar og korleis uttak av råstoff skal fyregå:

--- « Massetippene skal nyttast til råstoffutvinning før ein tillet råstoffutvinning andre stadar i kommunen så langt dette er mogeleg. --- For nye massetak/ deponi eller liknande bør det krevjast reguleringsplan/ uttaksplan med fyresegner for mellombels bruk og etterbruk av areala. Slike planar skal avklare storleiken på uttaket, tilhøve til naboar og andre brukar-interesser, avbøtande tiltak i driftsperioden og istandsetjing av terreng.» ---

Det vart 3.3.03 gjeve melding om tiltak til bygging av velteplass/skogsbilveg og uttak av stein.

I brev 4.3.2003 vart det får kommunen opplyst om at ressursutvalet i møte 11.2. hadde vedteke:.

” Søknader om uttak av masse i samband med utbygging av RV9 må gjerast gjennom reguleringsplan.”

Det aktuelle uttaksområdet ligg i LNF-området i kommuneplanen. Det er eit tunt lag jordsmonn og imp. furuskog i området. Det må såleis gjevast dispensasjon frå kommuneplanen.

Området er kjend for god kvalitet på steinen, jfr. utbygging av Brokke kraftstasjon som ikkje ligg så lagt ifrå. Berggrunnen består hovudsakleg av gneis.

Figur 1: Utdrag av regionkart

Figur 1: Utdrag av kommuneplankartet

3. Utaksområde, uttaks- og avsluttningsplan


Arealomfang.

For å utnytte det naturelge landskapet, landbrukets behov for etterdrift og på grunn av volumet som skal ut, - er uttaket delt i 2 parsellar.

Uttaksplanen er laga ved hjelp av det digitale datagrunnlaget som er tilgjengeleg i området. Eit stykke frå riksvegen går dette over i 5 m kotehøgde, så detaljane vert ikkje heilt nøyaktig. Ein har difor ikkje vist endeleg utforming av brota for parsell B.

Ved avslutning av desse steintaka vil det verte lagt vekt på tilpassing i terrenget omkring, event kombinert med noko inn -planting slik at brotet etter kvar vert skjult med vegetasjon. Ein har som hovudregel avslutta alle brota med ei skråning på 40 % dvs. 52 grader (1-2,5)

Digitalt oversiktskart som syner grunnlaget for masseberekninga.



Same bilete utan høgdekurver,



Parsell A.




Denne ligg i sin heilskap på b.nr. 14. Planen er å gå ned ca 1 meter frå riksvegens køyrebane og fylgje denne kota rundt heile knausen. Avgrensa søraust mot høgspenlinja.

På denne måten vert det ikkje nokon markert fjellvegg som avslutning.

Ei mast på 22kv linja til "toppen-tippen" må demonterast, linja må under anleggsperioden leggjast om event. vere ute av drift i periodar etter avtale med Agder Energi/Brokke kraftverk.. I og med at dette ikkje er langt frå Kåvenes brua skulle det gå greitt å leggje ei ekstra kabel under brua dersom det er naudsyn med straum til Brokke kraftverk sine reinskeluker i ein kortare anleggsperiode

Avkjøring ved å nytte ekserande driftsavkjøring til Kåvenesteigen.



Uttaket vert avgrensa ned til den kote som vert godkjent av Statens Vegvesen.

Uttaket startar i nordaust mot Kåvenesbrua. Område skal helle mot sør 1:20.

Skråningar mot riksveg og mot aust 40 %.

Området går til høgspenlinje som går til Valle. Sjå oversiktsbilete for å få rett inntrykk av området.

Volum - Areal

Mellom ca 25 000 – 30 000 f.m3.

Areal ca 5 da.

Etterbruk.

Etter uttak av masse vil ein tilbakeføre eit lag jord/humusmasse slik at dette kan såast inn og parsellen brukast som skogs/beitemark.


Parsell B



Parsellen ligg vestafor riksvegen på toppen av Nomelandskleivi.


Uttaket startar ca 30 – 40 meter frå riksvegen. skjerma frå innsyn frå riksvegen når ein kjem frå sør.

Innkøyring som vist på reguleringsplan.



Sjå elles prinsippskisse som er vedlagt når det gjeld tømmerveg med rundkøyring.
Tømmerveg frå Jeisemorki kjem ned i område i byte mot Uppstad

Tverrprofil



Volum - Areal

Ca 10 – 20.000 f.m³.

Representantar for Valle kommune har stikka ut arealet til snuplassen. Flate her er ca 40 x 40 meter pluss skråningar med tilpassningar til terrenget. Avgrensing mot sør dalsøkk. Traktorvegen til Jeisemorki er flytta i norenden av området og går naturleg opp dalen på nordsida av kollen som vert teken vekk for å få ei naturleg arrondering av området.

Etterbruk.

Skogbruk.

Til velteplass planlagt ved parsell B "høyrrer" 100 da produktiv skog. Det står i flg. Skogbruksplan ca 800 m³ skog på dette området i dag.

B.nr 1 rett til å leggje tømmer på frosen dyrka mark til b.nr. 14. Slike vilkår er vanskelege å ha med dagens driftsmetodar. Det er og velteplass på tippen Jeisemorka (Uppstad).

Skogbrukssjef stadfester behov for opplagsplass for tømmer og innkøyring/snuplass for tømmerbil her. Sjå vedlagte brev etter befaring 26.2.2003.

Etter uttak skal det lagast ein snuplass for bil, landbruksveg vegklasse 3 og "velte"plass for tømmer.

4. Driftsplan.

Opplagring av knust produserte massar vil skje i ranker, utlagde etter sortiment. Stein vert elles køyrt ut frå taket regelmessig.

Larm og støv

Aktiviteten i massetaket vil periodevis medføre ståk.

Likevel ikkje meir enn det som er vanleg i slike massetak. Utanom huset som tilhøyrrer br. 14 er det ca 800 meter til næraste fastbuande. Ein kan pårekne drift i anleggsperioden over 2 skift frå kl 06.00 til 22.00. Støv frå harping av grus vil vere minimalt.

Trafikken

til og frå området vil ikkje forstørre busetnad avdi det er god avstand til næraste hus med unntak av huset tilhøyrande b.nr 14.

Desse bustadane har større trafikkbelastning frå riksveg 9. Tvert imot vil tiltaket minke transportavstanden til anleggsplassen og redusere talet på køyrde kilometer med fyllmasse til anlegget.

Tidsperiode

Tiltaka er knytt opp mot RV 9 utbygginga i området og må vere avslutta innan 01.06.05.

Det kan påreknast drift i periodar over heile året. Det skal ikkje lagrast anna enn det som har med drift av massetaket.

5. Konsekvensar og avbøtande tiltak

Landskapsmessige tilhøve.

Alle inngrep ligg innafor ei sone på 200 meter frå riksvegen som dominerer landskapsbiletet..

Det er ikkje kjent at det er viktige viltbiotopar i området. I område krysser av og til elg riksvegen. Ein kan ikkje sjå at dette tiltaket endrar på trekkveggar.

Vassdrag

Parsell B ligg vestafor riksvegen og over 100 meter frå Otra. Ved parsellen renn ein liten bekk , Lyklebekk. Denne er svært liten og det renn lite vann her. Stikkrenna gjennom riksvegen er 30 cm. Det vil bli gjort avbøtande tiltak for at bekken ikkje fløymer over og renn inn i massetaket ved flaum.

Kåvåne renn forbi parsell A på austre del. Her er ca 40 meter til steinbrotet. Mellom er det veg/driftsavkøyring og dyrka mark.

Avbøtande tiltak.

Jfr. avsluttningsplan . Ved avsluttning av desse steintaka vil det verte lagt vekt på tilpassning i terrenget omkring, event kombinert med noko innplanting slik at brotet etter kvar vert skjult av vegetasjon. Ein har som hovudregel avslutta alle brota med ei skråning på 40 % dvs. 52 grader (1-2,5) der det elles ikkje fins naturlege skråningar som fell betre inn i landskapsbilete.